



Startlån frå kommunen

kan oppfylle bustadtraumen din!



Innhald

I denne brosjyren finn du informasjon om **startlån frå kommunen**. Du finn også informasjon om tilskot og bustønad.

Startlån er eit finansieringstilbod til deg, som ikkje får bustadlån på den vanlege kredittmarknaden.

Du finn meir informasjon på www.husbanken.no. Ta gjerne kontakt med kommunen for råd, rettleiing og søknadsskjema.

Startlån

Bustadlån frå kommunen.....	3
Kven kan få startlån?	3
Føresetnader for å få lån	4
Kva kan du få lån til?	4
Kor stort lån kan du få?	4
Slik søker du	5

Tilskot

Kva kan ein gi tilskot til og kven kan få det?.....	6
Slik søker du	6
Til utgreiing eller prosjektering og utgreiing	6
Slik søker du	6

Bustønad

Kven kan søkje bustønad?	7
Slik søker du.....	7

Startlån



Foto: Husbanken/Olaug Thortveit

Bustadlån frå kommunen

Har du vanskar med å kome inn på bustadmarknaden eller å bli buande i bustaden din? Då kan startlån frå kommunen vere ei aktuell låneordning for deg. Dersom du har låg inntekt, kan startlånet kombinerast med tilskot og/eller bustønad. Du kan lese meir om desse stønadsordningane lenger bak i brosjyren.

Mange kommunar har utarbeidd eigne retningslinjer for korleis startlånsordninga skal brukast. Ta derfor kontakt med kommunen/bydelen du har tenkt å kjøpe bustad i.

Kven kan få startlån?

- unge i etableringsfasen
- barnefamiljar
- einslege
- personar med nedsett funksjonsevne
- flyktningar
- personar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag
- andre økonomisk vanskelegstilte

Føresetnad for å få lån

- Du har problem med å få lån på den private kredittmarknaden.
- Du må kunne betale renter og avdrag på lånet og samtidig ha nødvendige middel att til livsopphald.
- Bustaden må vere eigna for husstanden og rimeleg i forhold til prisnivået på staden der du skal bu.
- Bustaden må ligge i kommunen som gir lån.

Kva kan du få lån til?

- kjøpe bustad:
 - til topp- eller fullfinansiering
- bli buande i bustaden:
 - til refinansiering av dyre lån
 - til utbetring
- byggje bustad:
 - til toppfinansiering

Kor stort lån kan du få?

Det er opp til den einskilde kommune å vurdere om du kan få lån, og eventuelt kor stort lånet blir. Somme kommunar samarbeider med private bankar om å sy saman ein finansieringspakke. Som eit utgangspunkt kan dei private bankane stå for grunnfinansieringa med vanleg lån, medan kommunen tar toppfinansieringa gjennom startlån.

Ta kontakt med kommunen/bydelen din for å orientere deg om korleis dei brukar ordninga.

Kalkulator for utrekning av lån

Det er viktig å rekne ut kva eit lån faktisk vil koste deg. På www.husbanken.no finn du ein lånekalkulator som hjelper deg med å rekne ut kor stort lån du kan ta opp.

Slik søker du

Du søker kommunen om lån til ein konkret bustad eller ei førehandsgodkjenning (finansieringsbevis). Ei førehandsgodkjenning er ei stadfesting på at du får lån og kor stor kjøpesummen kan vere.

Med ei førehandsgodkjenning kan du bruke litt meir tid på å finne den rette bustaden. Eigeidomsmeklarar krev denne type stadfesting før dei godtek eit bod.

Søknaden skal sendast til og handsamast i kommunen/bydelen. Hugs å få med alle naudsynte opplysningar og vedlegg til søknaden, slik at sakshandsaminga går raskare.

Søknadskjemaet kan du laste ned frå nettsidene våre, eller du kan ta kontakt med kommunen/bydelen din. I einskilde kommunar er det mogleg å søkje elektronisk via Husbanken sine nettsider.



foto: colourbox.com

Tilskot

Kva kan tilskotet gjevast til og kven kan få det?

Det kan gjevast tilskot til kjøp, bygging, refinansiering og tilpassing av bustaden. Tilskotet er for dei mest vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det blir lagt vekt på at husstanden sin situasjon er av varig karakter, og tilskotet blir gitt ut frå ei økonomisk behovsprøving.

Tilskotet kan brukast i kombinasjon med startlån og bustønad og kan vere ein del av toppfinansieringa.

Dersom du har betalingsproblem og har vanskar med å behalde bustaden, kan kommunen gi deg økonomisk rettleiing. I spesielle tilfelle kan kommunen tilby deg startlån og tilskot slik at du kan behalde bustaden din.

Ved tilskot til tilpassing skal det leggst vekt på at nokon i husstanden har behov for spesialtilpassing for å kunne fungere i bustaden.

Slik søker du

Søknadsskjema kan du laste ned frå nettsidene våre, eller du kan vende deg til kommunen/bydelen din. Søknadspapira blir sendt til kommunen/bydelen og behandla der.

Tilskot til utgreiing eller prosjektering og utgreiing

Dersom du har behov for spesialtilpassing av bustaden din, til dømes på grunn av nedsett funksjonsevne, kan Husbanken gi tilskot til profesjonell prosjekteringshjelp med inntil 12 000 kroner. Det kan også gjevast tilskot til utgreiing i forkant av prosjekteringa på inntil 12 000 kroner.

Slik søker du

Søknadsskjema lastar du ned frå nettsidene våre, eller du kan få det tilsendt frå Husbanken. Søknaden skal leverast til kommunen.

Bustønad

Bustønad er ei statleg støtteordning som blir administrert av Husbanken og kommunane. Føremålet med ordninga er å hjelpe husstandar med låg inntekt, og som slit med å handtere bu-utgiftene sine, til å etablere seg og bli buande i ein god bustad.

Kven kan søkje bustønad?

Du kan søkje om bustønad når du har fylt 18 år og du i Folkeregisteret er registrert som busett i bustaden. Studentar utan barn og personar som avtener førstegongs-/sivilteneste har ikkje rett til bustønad. Studentar utan barn kan likevel søkje, dersom dei studerer som eit ledd i eit offentleg program for arbeidskvalifisering. Foreldre som bur saman med barn som studerer, misser ikkje retten til bustønad.

Slik søker du

Søknadsskjema kan du laste ned frå nettsidene våre, eller du kan vende deg til kommunen/bydelen din. Søknadspapira skal sendast til kommunen/bydelen og handsamast der.

Ta kontakt med kommunen, dersom du treng meir informasjon om bustønad, eller gå inn på www.husbanken.no.



Tips når du skal kjøpe bustad

1. Kjøper du bustad gjennom ein meklar, bør vedkomande ha den faglege kompetansen som er naudsynt for å ta vare på interessene dine. Likevel: Gransk bustaden grundig før du inngår avtale, og ta eventuelt med deg ein bygningskyndig.

Seljar har streng opplysningsplikt, men du har også streng undersøkingsplikt.

Ver særleg merksam på at du pliktar å setje deg inn i og gå grundig gjennom dokumenta (salsoppgåve, takst/tilstandsrapport/bustadsalsrapport) som seljar og eigedomsmeklar legg fram om eigedomen.

2. Det er inngått bindande avtale når bodet er akseptert av seljar. Gi derfor aldri bod på fleire eigedomar samstundes!

3. **Når du kjøper burettslagsleilegheit**

Hugs at den reelle kjøpesummen består av det du betaler (innskot/kontantdel) pluss din del av fellesgjelda i burettslaget. Vurder om du greier ein renteauke på heile kjøpesummen (både innskot og fellesgjeld).

HB 7.E.28 (N)

Startlån frå kommunen

Utgitt av Husbanken, september 2011

Opplag: 5000

Framsidedfoto: Husbanken/Morten Flaten

